



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/401 - 17/14567

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
19.05.2017

## Oversending av søknad om etablering av bustad for handsaming etter veglova - gbnr 16/17 Askeland nordre

Lindås kommune viser til dykkar skriv datert 02.02.2017 som gjeld uttale til søknad om avkjørsle for gbnr 16/17 Askeland nordre. Lindås kommune mottok 07.04.2017 søknad om løyve til etablering av bustad på eigedomen.

Eigedomen ligg i område som er omfatta av Kommuneplan 2011-2023 der eigedomen er avsett til LNF-føremål med spreidd bustadbygging. Tiltaket er innanfor bestemmelsane om utbyggingstakt i føresegnene til planen, jf punkt 5.11 og vert vurdert å vera i samsvar med vedteke arealføremål.

Tiltaket vil krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå byggjegrensa langs fylkesveg 394 då delar av tilkomstvegen ligg innanfor byggjegrensa, jf punkt 1.6 i føresegnene til kommuneplanen. Det er kommunen som fattar vedtak om dispensasjon etter uttale frå Statens vegvesen. Det må vidare søkjast om dispensasjon frå omsøkt gesimshøgde for ark eller tiltaket må endrast i tråd med føresegne på dette punkt. Kommunen har bedt om tilleggsdokumentasjon i skriv datert 19.05.2017, sjå vedlegg.

Eigedomen vil få avkjøring frå fylkesveg 394. Søknaden vert med dette oversendt dykk for vedtak etter veglova, jf. plan- og bygningslova § 21-5 og byggesaksforskrifta (SAK10) § 6-2.

Lindås kommune vil avvente si sakshandsaming til løyve etter veglova ligg føre og ytterlegare dokumentasjon, som etterspurd, ligg føre. Vi ber om at kopi av vedtaket vert sendt til kommunen.

Med helsing



Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 16/17 Askeland nordre

Situasjonsplan, snitt, plan og profil

Teikningar

Førebels svar på søknad med krav om tilleggsdokumentasjon - gbnr 1617 Askeland nordre

**Kopi til:**

Håvard Dyrkolbotn

Stranda 480

5993

OSTEREIDET

Øksnes Anlegg AS

Rundhovde

5281

VALESTRANDSFOSSEN

**Mottakarar:**

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER